

# Årsmelding om Askøy Mållag i 2016

## Lagsorganisasjonen

### Medlemer

Per 31. desember 2016 hadde Askøy Mållag 41 betalande medlemer. Det er to færre enn per 31. desember 2015, då Askøy Mållag hadde 43 betalande medlemer.

### **Før årsmøtet 17. februar 2016 hadde desse medlemene slike verv i laget:**

#### Styre

Erlend Bakke, leiar (permisjon frå 12. august til 31. desember 2015)  
Hans Birger Drange, nestleiar (fungerande leiar frå 12. august til 31. desember 2015)  
Norvald Hestholm, kasserar  
Oddlaug Reksten Tellefsen, styremedlem  
Inger Tangedal, styremedlem  
Einar Ådland, 1. varamann og skrivar  
Vigleik Dyrøy, 2. varamann

#### Valnemnd

Oddlaug Reksten Tellefsen, medlem  
Einar Ådland, medlem

#### Ettersynsfolk

Inger Tangedal

### **Etter årsmøtet 17. februar 2016 hadde desse medlemene slike verv i laget:**

#### Styret:

Leiar: Erlend Bakke, eitt år  
Nestleiar: Hans Birger Drange, to år  
Skrivar: Einar Ådland, eitt år  
Kasserar : Norvald Hestholm, eitt år  
Styremedlem: Gunnar Furre, eitt år  
Fyrste varamedlem: Vigleik Dyrøy, to år  
Andre varamedlem : Oddlaug Reksten Tellefsen, eitt år

#### Valnemnd:

Einar Ådland, eitt år  
Oddlaug Reksten Tellefsen, eitt år

Ettersynskvinne: Inger Tangedal, eitt år

## Lagsaktiviteten

### Eigne møte

#### Årsmøte

Det var årsmøte 17. februar 2016 i friviljugsentralen i Askøy rådhus. Det møtte ni medlemer.

#### Styremøte

Det var fem styremøte i 2016: 27. januar, 25. mai, 13. september, 18. oktober og 22. november. Styremøtet 25. mai var heime hjå skrivar Einar Ådland, og styremøtet 22. november var i Sjøddien i Strusshamn. Dei tre andre styremøta var i friviljugsentralen i Askøy rådhus.

#### Medlemsmøte

Me hadde ikkje medlemsmøte i 2016 (ikkje andre enn årsmøtet).

### Møte/aktivitetar/samarbeid med andre lag

#### Årsmøtet i Hordaland mållag 12. og 13. mars 2016

Hordaland mållag heldt årsmøtet sitt på Biologen på Herdla i Askøy kommune 12. og 13. mars 2016. På seminardagen 12. mars og på sjølve årsmøtedagen 13. mars møtte nestleiar Hans Birger Drange for Askøy Mållag. På årsmøtedagen 13. mars møtte òg Einar Ådland for Askøy Mållag.

Leiar Erlend Bakke var til stades 12. mars, og representerte då Hordaland Mållag som tillitsvald der (medlem av skulemålsnemnda og mållovsutvalet i HM). Han heldt ei innleiing om «Nynorsk og bokmål som *hovudskriftmål* for alle norske elevar», det vil seia om kvifor me ikkje lenger bør operera med nynorsk (eller bokmål) som *sidemål*, men rekna både nynorsk og bokmål som *hovudskriftmål* for alle norske elevar.

Årsmøtet i HM valde elles Hans Birger Drange og Erlend Bakke som to av utsendingane sine til landsmøtet i Noregs Mållag 15.–17. april.

Me selde to eksemplar av Olav Lavik-boka under årsmøtet.

#### Landsmøtet i Noregs Mållag 15.-17. april 2016

Hans Birger Drange og Erlend Bakke deltok på landsmøtet i Noregs Mållag som utsendingar for Hordaland Mållag. Møtet fann stad på Hotel Terminus i Bergen.

### Andre aktivitetar

Deltaking i spørjeundersøking i regi av Askøy kommune og organisasjonen Frivillighet Norge

Erlend Bakke svarte 23. februar på ei elektronisk spørjeundersøking som gjaldt friviljuge lag i Askøy kommune. Undersøkinga var sett i gang av Askøy kommune og organisasjonen Frivillighet Norge for å finna ut meir om vilkåra for organisasjonslivet i kommunen, og kva rolle organisasjonen vår spelar her.

#### Deltaking på dialogmøte mellom Askøy kommune og friviljugesektoren i kommunen

Erlend Bakke og Hans Birger Drange representerte Askøy Mållag på dialogmøtet som Askøy kommune ved «kommunalavdeling oppvekst» heldt i Møllesalen i Strusshamn 29. august. Det var eit møte for og med friviljuge lag og organisasjonar i kommunen, i samband med ei tidlegare spørjeundersøking (sjå over). Ein tilsett i organisasjonen Frivillighet Norge innleidde. Deretter vart møtelyden delt inn i grupper for å svare på spørsmål om den friviljuge aktiviteteten. Fagsjef Gunnar Brynjulfsen for kultur og idrett opplyste at kommunen ville ha ei referansegruppe til å vurdere friviljugesektoren og friviljugpolitikken i Askøy kommune, og dessutan tenkte på å skipa eit kulturråd etter mønster av idrettsrådet.

I samråd med styret er Erlend Bakke representant for Askøy Mållag i referansegruppa som Askøy kommune skal nytta seg av i dette arbeidet. Hausten 2016 var det ikkje noko møte mellom kommunen og referansegruppa, men kommunen har kalla inn til eit møte 31. januar 2017.

#### Kontakt med skuleleiarane ved Fauskanger barne- og ungdomsskule og Træet skule

Erlend Bakke sende 22. februar e-brev til rektor Trond Sandal og assisterande rektor Odd Tveite ved Træet skule, slik eit styremøtevedtak frå 27. januar la opp til. I e-brevet spurde han om å få eit møte mellom Askøy Mållag og skuleleiinga om kva som kan gjerast for å stø nynorsk som opplæringskriftmål ved Træet, og for å få fleire føresette til å velja nynorsk for borna sine.

Erlend Bakke har i årsmøteperioden hatt telefonsamtalar med rektor Norvald Hestetræet ved Fauskanger og med assisterande rektor Odd Tveite ved Træet om stoda for nynorsken ved skulane. Det er få som vel nynorsk ved innskrivinga av 1.-klassingane.

#### Barnebokutdeling i Furehaugen og Træet barnehagar

Einar Ådland, Hans Birger Drange, ettersynskvinne Inger Tangedal (Furehaugen barnehage) og Erlend Bakke (Træet barnehage) delte ut barnebøker utgjevne på Samlaget til Furehaugen og Træet barnehagar den 6. januar. Me vart godt mottekne av born og tilsette. Einar Ådland sytte for tekst og foto og Hans Birger Drange for foto til eit stutt, men fint, redaksjonelt oppslag i Askøyværingen for 7. januar 2016. Det same oppslaget kom i medlemsbladet Norsk Tidend nr.1-2016.

#### Innkjøp av barnebokpakkar frå Skald forlag

Erlend Bakke tinga 28. januar to barnebokpakkar frå Skald forlag (til saman 20 bøker), jamfør styremøtevedtaket frå 27. januar om å gjera det, med tanke på å dela dei ut til barnehageborn. Dei er framleis ikkje delte ut.

#### Søknad om kulturmidlar frå Askøy kommune

Erlend Bakke søkte 25. april om kulturmidlar frå Askøy kommune til Askøy Mållag. Det vart søkt om ti tusen kroner. Kommunen gav tusen kroner til Askøy Mållag (sjå elles rekneskapen).

### Høyringsfråsegner om Vestlandsregionen

Då Hordaland fylkekommune sende planen om å skipa Vestlandsregionen (framlegget om samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylke) på høyring til 30. november, sende Erlend Bakke e-post til alle medlemene. Der oppmoda han dei til å senda inn sine eigne høyringsfråsegner, med krav om offentleg målbruk på nynorsk i den eventuelle Vestlandsregionen. Etter handsaming og vedtak på styremøtet 22. november sende Erlend Bakke høyringsfråsegna frå Askøy Mållag til fylkeskommunen. Me sette elles stor pris på at mellom andre Askøy kommune leverte ei nynorskvenleg høyringsfråsegn. Hans Birger Drange og Erlend Bakke var til stades på idedugnaden som Hordaland Mållag heldt på Gimle i Bergen 19. november, der saka om Vestlandsregionen vart mykje diskutert.

### Kontakt og samarbeid med Askøy folkebibliotek

Etter styrehandsaming kontakta styremedlem Gunnar Furre dei tilsette ved Askøy folkebibliotek for å røkja etter korleis Askøy Mållag kan samarbeida med biblioteket. Hans Birger Drange har òg vore i kontakt med biblioteket om noko tilsvarande, mellom anna om program for elevar og barnehageborn på dagstur til biblioteket. Biblioteket er òg stemt for å samarbeida om tilskipingar som Askøy Mållag gjer tiltak for å få i stand (kulturkveldar som me eventuelt kan kombinera med medlemsmøte i Askøy Mållag). Dette arbeidet fører Gunnar Furre og styret vidare i 2017.

### Førebuing av lagssogeskriving

Einar Ådland og varastyremedlem Vagleik Dyrøy utgjorde ei ikkje formalisert redaksjonsgruppe (førebels ikkje formelt oppnemnd av styret) som arbeider med å førebu skrivinga av lagssoaga om Askøy Mållag, i samband med at laget fyller hundre år i 2025. Einar Ådland og Vagleik Dyrøy intervjuar mellom andre noverande kasserar og tidlegare leiar Norvald Hestholm. Andre intervjuobjekt er til dømes medlemene Harald Clausen og Kolbjørn Heggstad. Saka vart særleg handsama på styremøtet 25. mai.

### Løyving til Peter Hognestad-feiringa

På styremøtet 13. september vedtok styret å løyva to tusen kroner frå Askøy Mållag til feiring av 150-årsdagen åt Peter Hognestad, tidlegare biskop i Bjørgvin; den fyrste biskopen i Noreg som sjølv nytta nynorsk. Tilskipinga var 5. november på Litteraturhuset i Bergen. Hans Birger Drange var til stades.

### Mogeleg «Nettverk for nynorsk i Askøy-skulen»

Etter framlegg frå Erlend Bakke vurderte styret om eit mogeleg «Nettverk for nynorsk i Askøy-skulen kan vera eitt tiltak for å styrkja nynorskopplæringa i Askøy kommune, til dømes for å få fleire føresette og elevar til å velja nynorsk ved skulane Fauskanger og Træet. Eit slikt nettverk må koplade dei ansvarlege for opplæringa i Askøy til seg, og vera eit godt døme på samarbeid mellom kommunale einingar og og friviljuge lag. Styret vedtok å halda fram i 2017 med å arbeida for eit slikt fungerande nettverk.

## **Mediedekning**

### Avisinnlegg

Innlegget «Ver litt djerv, Warncke» av «Erlend Bakke, leiar i Askøy Mållag» vart publisert 18. februar 2016 i Bergens Tidende. Det inneheldt ei oppmoding til Marit Warncke, leiar i Bergen Næringsråd, om å fylgja tilrådingane i leiarartikkelen i Bergens Tidende 24. januar 2016, som heitte «Nynorskbyen Bergen». Grunnen til at Warncke vart oppmoda spesielt, var eit innlegg frå henne (23. januar 2016) om at Vestlandet trong dristige og samlande politikarar. Etter eit nytt innlegg som minte Warncke på det opphavlege innlegget, svara ho med å seia seg og Bergen Næringsråd språknøytrale.

I eit avisinnlegg i Askøyværingen hausten 2016 meinte Bokmålsforbundet at Askøy kommune måtte gjennomføra ny skulemålsrøysting i krinsane Træet og Fauskanger. Oddvar Skre, leiar i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag, skreiv då noko seinare eit innlegg i Askøyværingen, der han oppmoda dei føresette til å velja nynorsk ved innskrivinga av 1.-klassingane sine, utan at han nemnde innlegget frå Bokmålsforbundet. Kommunalsjef for oppvekst Åge Rosnes opplyste sidan til Askøyværingen i ein kort redaksjonell artikkel at kommunen ikkje hadde planar om ei ny skulemålsrøysting. Askøy Mållag tok ikkje del i dette ordsiftet, just for ikkje å nøra opp under avisinnlegget frå Bokmålsforbundet.

### Reportasjar

I samband med at representantar for Askøy Mållag delte ut bøker i barnehagane Furehaugen og Træet 6. januar 2016, vart det publisert reportasjar om det i Askøyværingen 7. januar 2016 og i medlemsbladet vårt, Norsk Tidend nr. 1-2016.